

b. *Eldre nynorsk, maalføretidi* (1625—1850).

Fraa fyrstningi av det 17de hundr. er der merke til betre tider med noko oppgang i næringsvegerne i Norig. Og trass i alt det hefte me hadde av sambandet med Danmark, varde denne framgangen ved, og modet hjaa folket tok til aa vakna. Me var likevel for veike og spake til aa hindra at dansken betala tapi sine i svenskekrigarne med norske landsluter *Herjedalen* og *Fameland* (1645) og *Bohuslen* (1660). Men daa det i 1814 truga med at heile landet skulde fara same uferdi, reiste folket seg, og var sterkt nok til aa vinna att politisk sjølvstende og fridom. Men i den heite striden skildest me med skyldfolki vaare paa Island og Færøyarne, og med Grønland.

Etter 1814 vart det betre dagar for landet, og sidan hev det gjenge munaleg fram paa alle kantar.

Det danske bokriket voks sterkt i dette bilet, mest i det 18de og 19de hundr. Nordmänner hjelpte godt til; me nemner: *Petter Dass* († 1708), *Ludvig Holberg* († 1754), *Tullin*, *Johan Herman Wessel*, *Johan Nordal Brun*, *Claus Frimann*, *Jens Zellitz*. Det bokriket som desse og andre nordmänner saman med danskarne bygde upp i dansketidi til 1814, vert gjerne kalla *fjellesliteraturen* (sambokriket).

For dei fleste norske bokskrivarar i denne tidi var *rein dansk* det mynstret dei fylgde og vilde fylgja til burtimot 1814. Eit undantak var *Petter Dass*, som ofte sprengde den danske bunaden, og stundom endaa skreiv reint Nordlands-maalføre. For dei fleste andre, ogso for Holberg, var *rein dansk* eit so ovgildt mynster at det er berre av vanvare dei kjem med noko norsk, naar talen nettupp er um Norig og norske ting; i dei fyrste